



Referat FAU-møte 11.03.24

Tilstades:

Anne Gunn Feed Jakobsen, Grete Gerritsen, Maiken Grannes, Elena M Sikveland, , Øyvind Søyland, Knut Undheim.

Godkjenning av innkalling og referat:

Ok, jf sak 2/14/15.

Sak 2/23

- Lena Nes takka nei til stilling, jf oversikt referat 23.01.24.
- Siv Merethe Enger har starta som avdelingsleiar.
- Ny rektor Gerd Rusdal tek over etter påske.
- Når det gjeld nyttilsettingar er intervju i gang, men 'nesten ikkje pedagogar å oppdriva'. Dette ser ut til å verta ei utfordring òg vidare.
- Rammetildeling: Trass auka rammer på papiret, må 1,3 fast stilling fjernast frå nåverande mannskap. Midlertidige stillingar kan imidlertid løyvast om kritisk nødvendig. Totalt er det 10,9 faste stillingar som skal fordelast på dei ulike trinna på bakgrunn av prioriteringar.

Sak 15/23

Eigen FAU-inngang i Visma er ikkje muleg, iflg fagstab.

Skulekonsulenten kan evt senda FAU-referat til alle foreldre, og FAU går inn for denne ordninga slik at referat vert lettare tilgjengeleg.

Referat kan ligga ute på skulen sine heimesider i 4 år.

SU-referat skal ut på heimesida.

Sak 14/23 SFO

Ein har vore i kontakt med representant for *Time Sau og Geit* samt har planar om å kontakta *Norske Kvinnens Sanitetsforening* mtp beriking av innhaldet ved SFO. Ingen innspel frå foreldre forøvrig.

Sak 16/23 Sommaravslutning.

Tysdag 04.06. kl. 17-18.30.

Som to føregåande år; Rebusløype v/lærarane. 7.klassingar får rose. Pølsesalg.

Sak 17/23 Aktivitetsdag

Usikker dato, like før siste skuledag 21.06.

Rektor tilrår endringar som inneber avgrensing av området for aktivitetar for å gjera gjennomføringa meir overkomeleg og trygg særleg for dei yngste elevane.

Sak 11/23 Skjermbruk/digital undervisning

FAU utsett foreldrekveld ved FAU-møte 09.01., og vedtek nå at denne utgår for inneverande skuleår, men tek som før sikte på å bidra til utarbeiding av kjørereglar for skjermbruk ved skulen inkl. SFO, jf sak 18/23. Ein kjem tilbake til spørsmålet om foreldrekveld for neste skuleår.

Sak 18/23 Nasjonal tilråding om mobil- og smartklokkeforbud i grunnskulen

Mobilfrie klasserom på alle nivå. Streng regulering av private mobiltelefonar og smartklokker på barnetrinnet. Ein må ta omsyn til evt særskilte behov hjå enkeltelevar. Elevens modenhet, innsikt og evne til sjølvregulering er lågast tidleg i skuleløpet. Sanksjonering kan vera aktuelt i form av inndraging.

Dersom eleven ikkje samarbeider, skal heimen kontaktast.

Forslag til tillegg i ordensreglementet: Elevane har plikt til å leggja att mobiltelefon eller smartklokke heime, eller følgja reglane for oppbevaring på skulen. Undheim FAU ynskjer å presisera at klokker med SIM-kort ikkje er innanfor, og mobilen må slås av.

Dersom eleven oppbevarer digitalt utstyr i sekken, er dette eleven sitt ansvar. Dersom skulen aktivt samlar inn og oppbevarer utstyret, ligg ansvaret hjå skulen. Her må Undheim skule/FAU avgjera kva ein vil praktisera – utstyr i sekk eller samla inn. Smartklokkene til dei yngste har vore størst utfordring ved Undheim skule så langt.

Sak 19/23 Skulebruksplan

FAU Undheim ynskjer, som SU (jf ref medio-feb), at *for skulesituasjonen i Time, er det absolutt viktigaste tilførsel av meir pengar, slik at bemanninga inn i klasseromma kan aukast. Slik situasjonen er i dag er eventuell endring av skulestruktur eit feilspor som i beste fall vil ha ein kortsiktig og truleg bagatellmessig effekt på ressursituasjonen. At ressursmangel er det grunnleggande problemet, kan ikkje understrekast nok.*

Eit hovudfunn i rapporten frå Agenda Kaupang, er låg bemanning i Time-skulen. Så låg bemanning gjer oss sårbare og lite motstandsdyktige når uforutsette ting oppstår. Vidare slit så låg bemanning på elevar, føresett, lærarar og skuleleiing. Dette kan koma til uttrykk ved auka behov for spesialvurderingundervisning, fleire sjukemeldingar hjå tilsette og at tilsette sluttar, samt at færre lærarar søker seg til kommunen.

Det er særst viktig for lokalsamfunnet at nærskulen består og blir prioritert. Time har valt denne skulestrukturen og dermed må nærskulane prioriterast økonomisk.

Oppgradering av den fysiske skulemiljøet vil ha mykje å sei for trivselen for både elevar og tilsette samt ha betydning for rekruttering.

Sak 10/23 Innkomne saker

- Har ikkje vore kommunalt FAU. Skulesjefen som og fungerer som vikarierende kommunalsjef har ikkje hatt kapasitet.
- Oppfordra foreldre til å engasjera seg i FAU ifm neste foreldremøte.
- 7. klasse sin overgang til ungdomsskulen? Lite kontinuitet på lærarsida gir forståelg nok usikkerhet hjå foreldre. Saka må takast opp direkte med skulen.
- Henta ned ballar frå gymsal-taket? Naturleg i samband med skifting av lysarmatur.

- Leiker til uteområdet. Kasse til oppbevaring vart øydelagt, skulen vil reparera og låsa til leikene frå FAU er på plass. FAU bevilgar kr 5000,-. Sandleikeutstyr og fotballar.

Referent Knut Undheim, sekretær FAU